

# Årsmelding 2022

## Hjelme og Blomvåg sokn



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Hjelme og Blomvåg sokn



# HJELME OG BLOMVÅG SOKNERÅD



**Erling Vik**

Soknerådsleiar

## Innleiing

Biskopen kom på visitas til oss 22. mars. Dagen etter besøkte han Dale Oen Experience på Breivik. Ungdommane som var der får alternative opplegg til vanleg skule. Dei satt og venta på oss då biskopen kom inn, og var tydeleg spent. Det gjorde inntrykk på meg, då dei delte sine tankar

om liv og død med oss. Fleire av ungdommane hadde i barndommen vore på aktivitetar i kyrkjen og bedehusa våre og vore på leir på Skjergardsheimen. Dette er akkurat det vi har som visjon, at folket skal få oppleve seg elska av Gud og menneske. Som sokneråd skal vi vere med å vekke og nære det kristelega arbeidet i soknet, slik at Guds ord vart rikeleg forkynt. Den visjonen opplevde eg ble oppfylt denne dagen på Dale Oen Experience der ungdommane delte frå sine liv og hørte Guds ord.

## Soknerådet har handsama 84 saker i 2022 og består av:

Offer, enkeltarrangement som fellesskapskveldar, julefest og samlingar for dei frivillige, samt økonomi og budsjettsaker. Elles står Naturlig Menighetsutvikling fast på soknerådet sin dagsorden. Dette er ei viktig sak inn

mot val av fokus i vårt arbeid. Ny undersøking vart tatt i desember 2022 og resultatene vi bli presentert mars 2023.

## Gudstenestelivet

Gudstenesta er grunnleggande viktig for alt anna som skjer i kyrkjelyden. Her kjem ein saman for å søke og møte Gud. Det ligg styrke i å møte Gud saman med andre. I glede og sorg samlast kyrkjelyden til gudsteneste. I gudstenesta får ein synge, lytte og be saman med andre. Gudstenestene er opne for alle. Soknerådet legg vekt på at gudstenestene skal opplevast som inkluderande og at menneska som kjem til gudstenesta skal oppleve å bli møtt og sett på ein god måte. Det er variasjon i innhaldet i gudstenestene som t.d. sprell levande gudstenester som er lagt opp for barn og unge sitt engasjement i gudstenesta.

I forlenginga av dei fleste gudstenester har vi kyrkjekaffi, den gir oss en flott arena for å sjå kvarandre og styrke vårt fellesskap.

## Fellesskapet i kyrkjelyden

Soknerådet arbeider for eit godt fellesskap også utanfor gudstenestene. I årshjulet vårt er fellesskapskveldar, morgonmesser, påskekvelde, jul i borggården og julefest faste møtepunkt gjennom året og døme på





fellesskapsbygging. Etter mange Covid 19-utfordringar er vi nå tilbake til normalen.

### Frivillige uløna medarbeidarar

Soknerådet takkar alle frivillige uløna medarbeidarar særskilt.

Hjelme og Blomvåg er kyrkjelydar som blir drive med hjelp av ein stor del frivillige. Desse er med å berikar kyrkjelydslivet og fellesskapet.

Håpet er at dei som er frivillig har glede av arbeidet og kan anbefale andre til å vere med. Det trengst fleire frivillige hender.

### Misjon

Å drive misjon er grunnleggande viktig i ein kristen samanheng. Utanlands er kyrkjelyden engasjert i misjonsarbeid i Thailand gjennom ein avtale med NMS og IMI-kyrkja i Stavanger. I 2019 gjekk soknerådet inn i ein avtale med Stefanusalliansen om støtte til «Stefanusbarna» i Egypt. Soknerådet støttar arbeidet i tre år gjennom forbøn og pengar frå kollekt og konfirmantane sin innsamling.

I 2022 hadde vi besøk av Christine Gripsgård Lunga som hadde eit inspirerende gjennomgang av prosjektet vi støttar i Egypt.

Ungdommane viser også eit fint engasjement gjennom misjonsløp til inntekt for Thailand.

### Økonomi/Givarteneste

Soknerådet har to kjelder for inntekt. Det er offer i kyrkjene, til kyrkjelydsarbeidet og givarteneste.

Skal vi kunne oppretthalde det rike og gode barne- og ungdomsarbeidet og kunne gje ein større del av offer/kollektar til misjon i andre land må vi auke vår faste givarteneste. Dette vil det komme ein eigen aksjon på våren 2023.

### Skjergardsheimen

Skjergardsheimen er svært viktig for leiararbeidet i regi av kyrkja. Det er Hjelme og Blomvåg sokn som er eigar. Leirstaden har eige styre og er etablert som eit A/S for å oppfylle formelle krav til selskapsform. 2022 ser bra ut sjølv om pandemien skapte sine utfordringar også dette året.

### Soknerådet er samensett slik

Faste medlemmer: Erling Vik (leiar), Aina Elisabeth Hellesund (nestleiar), Gisle Kårbø Rong, Øyvind Solsvik, Gustav Magne Landro og Therese Dale Gerhardsen. Varamedlemmer: Elise Irene Karlsen, Øystein Vik, Astrid Johanna Nautnes Rustad, Tormod Magnesen og Monica Breivik. Sokneprest Espen Sigve Tveten møter fast i soknerådet. Kari Sandøy Rong er sekretær.

### Krig i Europa

Krigen i Ukraina ramma også kyrkjelyden vår. Flyktningmottak vart oppretta på Nautnes og fleire eldsjeler i kyrkjelyden var aktive veke etter veke i språkkafé, bøn og sosiale tiltak. Vi lutheranarar prøvde å finna møtepunkt mot ortodokse kristne frå aust og visa omsorg i ei krevjande tid. Me ber for søskena våre i Ukraina og for fred.



# ÅRSMELDING FRÅ SOKNEPRESTEN



**Espen Tveten**  
Sokneprest

Når ein skal ta eit blikk tilbake på året som ligg bak, er nokre av historiene store og synlege, slik som at biskopen var på visitas, at me hadde utsendingsgudsteneste på kulturhuset og at Gospelteens og Lyskastaren song av full hals tunder Øygaardssong. Medan nokre historier er flotte og lysande, er

andre vanskelege. Nokon opplevde det verste som kunne skje, at dei måtte følgje eit barn, ektefelle eller andre til grava. Andre opplever framleis at koronaen sit i og er meir einsam og isolert. I fjor var me og vitne til at verdas naud kom nær oss på ein særskild måte då flyktingane frå Ukraina kom.

## Utviklingstrekk i statistikken

Tala for frammmøte på våre gudstenester er framleis prega av pandemien som hindra store menneskegrupper å

møtast i starten av 2022. Likevel ser me at folk i stor grad finn tilbake til kyrkja. I 2022 var 7863 menneske med på gudsteneste. I åra før pandemien (2015-2019) hadde me eit gjennomsnittleg frammmøte på 8542. Dåpstala har teke seg opp. 43 vart døypte og talet på fødde var 36. Mange born som vart fødde seint i 2021 har nok blitt døypte i fjor. Det er verdt å merka seg at talet på fødde i 2022 er oppsiktsvekkande lågt.

## Visitas

Då biskop Halvor Nordhaug vitja oss i mars, fekk han eit breitt bilde av livet i kyrkjelyden. Det var 16 år sida førre visitas. Han var tydeleg imponert over alt han fekk sjå i kyrkjelyden og lesa i visitasrapporten. I etterkant av visitasen gav han kyrkjelyden nokre utfordringar, mellom anna å fortsetja å gå til gudsteneste i begge kyrkjene, auka merksemd på undervisning for vaksne, auka givartenesta og arbeida for ny kyrkje på Rong.





## Gudstenestliv

Mange er glad i kyrkjene og brukar dei aktivt. Me vil arbeida for eit variert gudstenestliv og oppfordrar folk til nytta begge kyrkjene. Samstundes vil me bygge gode relasjonar til andre kyrkjelydar når det gjeld planlegging og gjennomføring. I denne samanheng var det gledeleg at me fekk gjennomført Øygaardssong og gudsteneste på Refuel Weekend der me sende ut Ingrid og Morten Torsvik for Norsk Luthersk Misjonssamband. Desse arrangementa var i samarbeid med Vik bedehus og INRI-kyrkja. I Hjelme og Blomvåg har me lang tradisjon for å ha eigne gudstenester til jul for skuleborn. Dette året hadde ikkje skulane pengar til å prioritere å koma til kyrkja. I staden vart me invitert til å besøke skuleborna på skulane og i kulturhuset på Rong. Det gjekk fint, men me vonar at skulane kjem tilbake til kyrkja dette året, sidan me kan gje dei betre gudstenester der. For fyrste gong på mange år hadde me 17. mai-gudsteneste i Hjelme gamle kyrkje. Det var ei flott oppleving og mange var med i toget som gjekk frå Sælekrysset.


## Undervisning

I ei tid med stadig mindre kunnskap om den kristne trua, er det viktig at både born, ungdom og vaksne

får opplæring. Difor er det flott at det er tilbod om søndagsskule i både Hjelme og Blomvåg. I Blomvåg er det framleis dårlege fasilitetar for borna, men dette året skal me prøva ut lydisolering inn mot sideskipet. Me skulle gjerne hatt ei større og meir moderne kyrkje, men let nytta den me har so langt me kan. Det er mykje undervisning i kyrkjeleg regi, men me har ikkje eigna bibeltimar. Det er det mange andre som har, og me oppmodar folk til å nytta bibeltimane i bedehusa og andre stader. I advent- og fastetida ynskjer me å intensivera arbeidet. Morgonmessene og påskekvalden rettar fokus på ein særskild måte mot det meste sentrale i den kristne trua. Nytt i 2022 var kunstplakatar ved kyrkjene både i Hjelme og Blomvåg med tekst og bilete frå påskebodskapen.

## Til sist


Her har eg kommentert nokre av det synlege arbeidet i kyrkjelyden. Det usynlege arbeidet som skjer i den einskilde er likevel det viktigaste. Me trur på ein Gud som let våre individuelle historier vere ein del av hans store historie. Hos Gud finn me frelse og tilflukt. Det gjev grunn til håp og framtidstru.




# STATISTIKK

## DELTAKING PÅ GUDSTENESTER

Tal gudstenester under årstal




## TAL DØYPTE OG FØDDE




43 vart døypte i 2022 og talet på fødde var 36. Mange born som vart fødde seint i 2021 har nok blitt døypte i 2022.


## TAL KONFIRMERTE



## TAL GRAVFERDER



## TAL VIGDE



# ÅRSMELDING FRÅ DIAKONIMEDARBEIDAREN



**Ellen Ebbesvik**

Diakonimedarbeidar

Diakoniarbeidet i 2022 har vore variert og innhaldsrikt.

Diakoniutvalet har bestått av diakonimedarbeidaren og tre frivillige.

I år fekk me ha alle dei planlagde formiddagstreffa våre. Ein torsdag i månaden møttest 25-30 personar

til drøs, song, mat og åndeleg påfyll. Vår kantor Øystein Steinsland er fast akkompagnatør og bidreg også med solosong.

Gjennom året har me hatt besøk av Espen Tveten, Trygve Johannes Hellesøy, John Solsvik, Svein Morland, Reidun Algrøy, Bente Haugland, Olav Martin Vik og Haldis Reigstad.

Me avslutta året med julemiddag saman med Vik bedehus i lokala til Blomvåg barnehage. Ungar og vaksne frå både Blomvåg og Toftøy barnehage song for oss. Det var gode timar med sosialt samvær, mat, andakt, song og quiz.

I Hjelme kyrkje har me song- og salmekveld ein tysdagskveld i månaden. Frå ein sped start med 9 framsmøtte, var snittet på 37 resten av året. Desse kveldane song vi kjente og ukjente singlar og salmar. Nokre kveldar var det same songforfattar som fekk fokuset heile kvelden. Det var alltid ein gjest som fortalde om sin song og kvifor den er viktig. Ein pause med kaffi, te, frukt og ein drøs vart det også tid til.

Den siste samlinga før sommaren var 17. mai-festen. Den samla 60 personar frå heile soknet.

Sorgarbeidet er ei viktig diakonal teneste. I år arrangerte me ein felles sorgkveld i Foldnes kyrkje. Terje og Eli Landro heldt fordrag og bidrog med song. I forkant av

allehelgensgudstenesta i Blomvåg, hadde me stand på Rong senter. Soknepresten, diakonimedarbeidaren og diakoniutvalet delte ut lys og materiell. Me fekk også fleire gode, men korte, samtalar med dei som kom bort til standen.

Alle pårørande som hadde mista ein av sine sidan hausten 2021 var spesielt inviterte til gudstenesta. Me las opp alle namna og tente lys for dei avdøde.

Heimebesøk er ei teneste me tilbyr. Diakonimedarbeidaren og frivilljuge har vore på heimebesøk i heile soknet. Me har framleis ledig tid og kapasitet til å besøke fleire.



I august gjekk kyrkjelydsturen til Sjelesorgsenteret på Modum. Etter kommunesamanslåinga femner no gruppa som reiste austover, også Hjelme og Blomvåg sokn. Alle kjente ikkje alle, men på kort tid, vart me ein stor søskenflokk. Me hadde tilbod om foredrag, sosiale samlingar, utflukt, tidebøn og tid for aleinetid. Togturane gav oss tid til samtale og fellesskap.

I 2022 starta krigen i Ukraina og ei gruppe flyktingar fekk komme til Nautnes. Bedehuset på Nautnes opna dørene, slik at me hadde ein lokal samlingsstad. Sidan dette var eit stort og omfattande arbeid, vart diakoniutvalet utvida denne perioden. Me samla representantar frå dei ulike aktørane i kommunen. Kristne gruppene i soknet, kommunen,

frivillige og ulike organisasjonar. Me hadde fleire møte der me planla aktivitetar.

Planane framover i 2023, er å ha ei aktiv diakoniteneste i soknet. Diakoniutvalet skal i gong med å revidere diakoniplanen. Faste arrangement som formiddagstreffet, song- og salmekveld fortset som tidlegare.



# ÅRSMELDING FRÅ KYRKJELYDSPEDAGOGEN



**Hogne Berland**

Kyrkjelydspedagog

Desse orda som eg byd deg i dag, skal du gøyma i hjartet ditt. Du skal innprenta dei i borna dine og snakka om dei når du sit heime og når du går på vegen, når du legg deg og når du står opp.

*5. mosebok 6,6-7*

Dette bodet om dele vidare til neste generasjon fekk israelsfolket frå Gud. Vi som lever i dag har det same ansvaret. Neste generasjon har også rett til å få høyre dei gode nyheitene. I kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid ønskjer vi å bidra til dette! Her kjem nokre glimt frå året som har gått.

## Leirane

Leirane er framleis ein stor og viktig del av trusopplæringsarbeidet vårt. I 2022 var leirane stort sett tilbake til normalen etter coronatida. Det var knytta spenning til korleis oppslutnaden skulle verte når vi var tilbake til normal drift. Det er gledeleg å sjå at statistikken viser at vi nesten er tilbake på same oppslutnad som i 2019. Om lag 260 forskjellige barn og unge deltok på kyrkja sine leirar på Skjergardsheimen i 2022, i tillegg til over 40 frivillige leiarar. I tillegg kjem konfirmantleiren

i Sætervika. Mange av leiarane vi bruker på leir er ungdomar som sjølv er med i trusopplæringsarbeidet. Utan desse kunne vi ikkje arrangert så mange leirar som vi gjer. Ei stor takk til ungdomane!

Oppslutnad på barneleir i forhold til talet på døypte i målgruppa:

## DELTAKELSE PÅ LEIR



## Ungdomsarbeidet

Utanom konfirmasjonsopplegget, har vi K2 for dei som går i 10. klasse og K2pp for dei som går på vidaregåande. I tillegg er vi med og driv ungdomsklubben Refuel og







bidreg på KRIK. På Refuel er det framleis mange på samlingane og i haust varierte det mellom 30 og 70 på klubbkveldane annakvar fredag. Vi ser at dei fleste som er med her går i 8. og 9. klasse. Få er med etter det. Den same tendensen ser vi med at det er færre på K2 og K2pp og færre som vert med i bibelgruppe. Det er merkbart vanskelegare å få ungdomane til å delta fast etter konfirmasjonstida enn det var for nokre år sidan. Dette kan nok ha mange grunnar og det er ikkje lett å peike på enkle forklaringar. Men vi ser at nokre er med vidare og vi har ein stabil gjeng som er med og bidreg mykje, både på ungdomsklubb og som leiarar på leir. Åra etter konfirmasjonstida er svært viktige for å få ei trygg tru vidare i livet, så vi ønskjer å satse på denne aldersgruppa. Ver med og be for ungdomane våre!

## Anna

- Alle barnehagane i kommunen deltok på både julevandringar og påskevandringar også i 2022. Dette er flotte treffpunkt og fine samlingar!
- Etter to år med digital gudsteneste for skulane til jul, var det i år tid for å møtast fysisk igjen. På grunn av utfordrande økonomi hjå skulane, hadde dei ikkje pengar til buss. Dermed vart årets julegudstenester på skulane og på Rong kulturhus.

- Det har vore aukande oppslutnad på Småbarnssongen i Blomvåg kyrkje. Målgruppa her er 1-3 år, men også ein del eldre søsken vert med. Samlingane kan ha mellom 20 og 30 born, pluss foreldre!
- Babysong er eit tilbod for barna frå 0-1 år og deira foreldre. I 2022 arrangerte vi dette i samarbeid med Blomvåg barnehage. Dei tilsette i barnehagen kan leia samlinga og ha den i barnehagen. Dette opplever vi som ein vinn-vinn-situasjon og også her har oppslutnaden auka godt!
- I 2021 vart det ikkje arrangert Lys våken for 6. klassingar på grunn av låg påmelding. Men før jul i 2022 vart det igjen Lys våken med 28 barn som overnatta i Hjelme kyrkje frå laurdag til søndag og avslutta med å delta på gudstenesta.

## Barne- og ungdomsarbeidarane

Før sommaren hadde vi tre ulike ungdomar i 20% stilling, men etter sommaren slutta desse og då vart Johanne Hatten tilsett i 60% stilling. Vi ser fordelar med begge desse modellane, men det har vore svært positivt i haust å ha ein ungdomsarbeidar som også har moglegheit til å jobbe på dagtid og som kan vera med i breidda av trusopplæringsarbeidet. Frå hausten 2021 har vi også hatt ein lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget, Cecilie Borsholm Vik. Ho er med oss til sommaren 2023.





# ÅRSMELDING FRÅ KANTOR



**Øystein Steinsland**  
Kantor

## Kyrkjemusikalsk arbeid

Gudstenester, gravferder, vigslar, institusjonsbesøk, konsertar, føremiddagstreff, salmekvellar, samarbeid med grunnskule/ barnehage, medverknad frå ulike musikkaktørar som: solistar, songgrupper og instrumentalar.

- Konsert/salmekveld i Hjelme kyrkje v Øystein Steinsland
- Kyrkjemusikkfestival i Øygarden 16.-23. september
- Ny seksjonsleiar for kyrkjemusikk frå 1. august 2022

## Koronaepidemien

12. februar 2022 var ein oppløftande dag. Då oppheva regjeringa alle føreskriftsfesta tiltak mot covid-19, inkludert krav om munnbind, ein meters avstand og plikt til isolasjon ved sjukdom. Endeleg kunne me begynne å jobbe som normalt att.

## Kyrkjemusikkfestivalen 16-23 sept. 2022

- For første gong ein kyrkjemusikkfestival i Øygarden
- Ein flott festival med kyrkjekonsertar i heile kommunen

## Ny seksjonsleiar for kyrkjemusikk

Mathilde Karin Dale tok over for kantor Øystein Steinsland som seksjonsleiar for kyrkjemusikk 1. august 2022

## Vi syng jula inn

To flotte Vi syng jula inn vart gjennomført med instrumentalar og solistar.

## Viktige hendingar i 2022

- Koronarestriksjonar oppheva
- Vi syng jula inn
- Jolekonsertar:
  - Øystein Steinsland, Olaug Elise Alvheim og Terje Nilsen i Hjelme gamle kyrkje
  - Rong Brass i Blomvåg kyrkje
  - Mikael Järlestrand i Hjelme kyrkje
  - Anita Heggholmen m solistar og Wedberg Trio i Blomvåg kyrkje
- Konsert i Hjelme gamle kyrkje. Sogelaget, Anne Lise Grøm m.fl



## Jobben som kantor/seksjonsleiar

I 2022 har eg spela ved 154 tenester i Øygarden kommune (gudsteneste, vigsel, institusjonsandakt, gravferd). Av desse 154 er 46 utanfor Hjelme og Blomvåg sokn. Speling på salmekveldar, føremiddagstreff, øving med solistar og speling på konsertar kjem i tillegg.

Frå 1. august 2022 overtok Mathilde Karin Dale som seksjonsleiar for kyrkjemusikk, men i reint faglege spørsmål så har eg framleis ei leiarrolle for kantorane. No er eg tilsett som kantor. Denne endringa av stillinga gjer at eg har tid til å utføre jobben min på ein meir tilfredsstillande måte. Jobben vert opplevd mindre stressande og det er ei stor glede.

Eg er så heldig å ha mange gode flinke kollegaer rundt meg. Miljøet i staben på Rong er godt, arbeidsoppgåver er godt planlagt og informasjonsflyten er god.

Kontakten med kyrkjelyden kjennes open, inkluderande og positiv.

Jobben som kantor vert opplevd som meningsfull og verdfull. Her møter ein folk i alle livsfasar der ein gjennom musikken kan røre ved noko djupt og grunnleggjande.

## Visjonar for framtida

Har jobba med nokre songsolistar i 2022 som eg ønskjer å jobbe vidare med. Jolekonsert i Hjelme gamle kyrkje kan kanskje verte ein ny tradisjon. Oppretthalde og støtte musikalsk samarbeid med bedehusmiljøa. Ta vare på det gode arbeidet som vert gjort, men samstundes ha rom for utvikling og fornying.

Få til eit engasjement rundt kyrkja frå alle som bur i kommunen, og at dette skapar gode oppvekstmiljø der folk kjenner seg sett og opplever livsglede.





## Medarbeidarane i Hjelme og Blomvåg sokneteamb:

Medarbeidar	Stilling
Espen Tveten	Sokneprest og sokneteambleiar
Øystein Steinsland	Kantor
Kari Ragne Sandøy Rong	Administrasjonskonsulent
Hogne Berland	Kyrkjelydspedagog
Ellen Ebbesvik	Diakonimedarbeidar
Kari Synnøve Bekkenes	Kyrkjetenar
Cecilie Borsholm Vik	Lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget
Johanne Hatten	Barne- og ungdomsarbeidar

## Årsrekneskap for Hjelme og Blomvåg sokneråd 2022

Inntekter ligg godt over budsjettet, og det gjer også utgiftene. Soknerådet går samla sett med eit overskot på kr 45 985

Hjelme og Blomvåg sokneråd har hatt kr 990 269 i utgifter og kr 843 403 i inntekter. Dette gjev eit negativt resultat før finansieringstransaksjonar og avsetjingar til fond på kr 146 866. I desse summene inngår misjonsturen og Gospelteens sin tur.

Hjelme og Blomvåg sokneråd har brukt kr 218 046 frå ulike fond; misjonsløp, ungdomsarbeid, gospelteens, gospeltorsdag, og avsatt kr 26 266 til diverse fond utanom disposisjonsfondet. Fjorårets overskot på kr 123 537 er sett av i disposisjonsfondet. Etter dette er det eit overskot på kr 45 985 som kan overførast til soknerådet sitt disposisjonsfond.

### Gjeverteneste

Ungdomsarbeid kr 57 500. Soknerådet har valgt å bruke 54 500 av desse til støtte til ungdomar som reiste til UL, tur for Gospelteens og støtte til Refuel.

Kyrkjelydsarbeid 97 550 går inn i alt arbeidet som soknerådet driv.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Hjelme og Blomvåg sokneråd på mange ulike måtar i 2022.

